



## **Årsmøtet 2014**

# **Naturvernforbundet Nordhordland**

# **SAKSPAPIR**

**Austrheim vidaregåande skule  
Fredag 21. mars 2014**

## **SAK 1: OPNING OG GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

- A. Leiaren opnar møtet.
- B. Godkjenning av innkalling

Styret sitt framlegg til vedtak:

Innkallinga vert godkjend.

- C. Godkjenning av sakliste

Styret sitt framlegg:

- Sak 2: Val av årsmøtefunksjonærar
- Sak 3: Godkjenning av årsmøtereglement
- Sak 4: Styret si årsmelding
- Sak 5: Revidert rekneskap
- Sak 6: Budsjett
- Sak 7: Arbeidsprogram
- Sak 8: Val
- Sak 9: Fråsegner

## **SAK 2: VAL AV ÅRSMØTEFUNKSJONÆRAR**

Styret sitt framlegg:

Ordstyrar: Olav Steinar Namtvedt

Referent: Geir Olav Toft

## **SAK 3: GODKJENNING AV ÅRSMØTEREGLEMENT**

Styret sitt framlegg:

- A. Møtet vert leia av dirigent vald på årsmøtet.
  - B. Deltakarane kan få ordet utanom talarlista
    - til forretningsorden, dagsorden og voteringsorden
    - til saksopplysning
    - til å svara på spørsmål
- Slike innlegg vert avgrensast til eitt minutt.
- C. Framlegg om avgrensa taletid eller strek på talarlista vert teke opp til votering straks.
  - D. Alle framlegg til vedtak må leverast skriftleg til dirigenten.

- E. Framlegg kan ikkje fremjast eller trekkjast etter at strek er sett.
- F. Det kan haldast prøvevotering før endeleg avrøysting i alle saker unnateke val.
- G. Saker på saklista skal vedtakast med simpelt fleirtal dersom ikkje anna er bestemt i overordna vedtak.
- H. Årsmøtet kan med 2/3 fleirtal vedta å handsama saker som ikkje er sette opp på saklista. Vedtak i slike saker krev også 2/3 fleirtal.
- I. Deltakarane har røysteplikt. Blanke røyster tel ikkje dersom ikkje anna er bestemt i overordna vedtak.

#### **SAK 4: STYRET SI ÅRSMELDING**

Sjå eige vedlegg.

Styret sitt framlegg:

Årsmøtet tek styret si årsmelding til orientering.

#### **SAK 5: REKNESKAP**

Sjå vedlegg 1 i årsmeldinga.

Styret sitt framlegg:

Rekneskapan vert godkjend slik den ligg føre.

#### **SAK 6: BUDSJETT**

Sjå vedlegg 2 i årsmeldinga.

Styret sitt framlegg:

Årsmøtet tek styret sitt budsjett til orientering.

#### **SAK 7: ARBEIDSPROGRAM**

Styret sitt framlegg:

- Samarbeida med kommunane for å ta vare på naturmangfaldet. I den samanhengen vidareutvikla *Rydd ein holme*-prosjektet til å omfatta fleire kommunar i Nordhordland. Prosjektet skal særleg bidra til å stoppa attgroing med sitkagran i strandsona og tap av naturmangfald. Gjennom Naturvernforbundet løfta prosjektet til nasjonalt nivå.
- Vera pådrivar for UNESCO-prosjektet *Man and Biosphere* som Regionrådet for

Nordhordland vil fremja søknad om slik at Nordhordland får verdsarvstatus. Arbeida for berekraftig samfunns- og næringsutvikling slik prosjektet legg opp til.

- Sikra strandsona mot øydeleggjande inngrep. Følgja opp den nye plan- og bygningslova gjennom planinnspel og ved å avdekkja og følgja opp alvorlege lovbrøt i strandsona.
- Motarbeida Frank Mohn sine utvidingsplanar på Flatøy med store inngrep i strandsona og i sjø. Be om at verksemda i staden utvidar der dei ikkje kjem i konflikt med natur- og rekreasjonsinteresser.
- Kjempa mot det planlagde tverrsambandet over Radøy og Meland og i staden arbeida for natur- og miljøvenlege løysingar i sambandet mellom Nordhordland og Øygarden.
- Halda fram kampen mot ny seglingslei gjennom Skjelangersundet og Det Naue til Bergen. Vi aksepterer ikkje store naturinngrep for at dei største cruiseskipa skal få liggja ved kai i Bergen og spy ut klimagassar og anna forureining når endra seglingshøgde under Askøybrua no står fram som alternativ løysing.
- Framleis kjempa mot planane om vindkraftproduksjon på Radøy. Vindturbinar er så konfliktfylte at dei ikkje høyrer heime på strandflata i Nordhordland.
- Vera svært restriktiv til utbygging av ny vasskraft i Nordhordland når det kjem i konflikt med naturmangfald og landskap. Noreg har overskot av fornybar kraft. Arbeida for vern av Eiterdalen slik at planane om småkraft der blir stoppa.
- Krevja miljøforsvarleg heving og sikring av ubåten utanfor Fedje. Vi kan ikkje godta fleire utsetjingar. Tolmodet er slutt. Regjeringa må ta ansvar.
- Få kommunane til å utarbeida og følgja opp klima- og energiplanar som samsvarer med dei klimautfordringane verda står overfor. I denne samanhengen arbeida for gode kollektivløysingar; m.a. tenleg busstilbod, miljøvenleg hurtigbåt til Bergen og gratis pendlarparkering; klimavenleg transport, tilrettelegging for sykkel og gange og deltaking i oljefri.no. På sikt arbeida for bybane mellom Knarvik og Bergen.
- Vera pådrivarar for infrastruktur for elbilar slik at alle kommunane i Nordhordland vert utstyrte med normalladepunkt på mykje brukte parkeringsområde og det vert etablert minst eitt hurtiglادepunkt i kvar kommune.
- Arbeida målretta for redusert volum i oppdrettsnæringa i Nordhordland. Seia nei til nye fiskeoppdrettskonsesjonar som ikkje er lukka.
- Ha kritisk søkelys på Statoil Mongstad og utviklinga rundt anlegget. Vera pådrivar for TCM si utprøving av karbonfangst og algeproduksjon. Framleis krevja full reinsing av gasskraftveket. Motarbeida utlegging av nye industriareal på Lindås sin del av Lindåsneset og på øyane i Austrheim. Det finst nok areal på Mongstad Sør.
- Seia nei til alle søknader om utslepp av miljøgifter til Fensfjorden. Nulltoleranse i høve til radioaktiv lagring og radioaktive utslepp frå gjenvinning.
- Gjennom Naturvernforbundet arbeida for at miljøfarleg brannskum blir forbode. Påverka dei lokale bedriftene til å gå over til miljøvenlege brannskum utan PFC. Kjempa mot utslepp av PFC til sjø. Krevja full reinsing av utsleppa frå Norsk Gjenvinning.
- Ha eit konstruktivt plansamarbeid med kommunane. Særleg viktig blir det å verna om store urørte naturområde slik som Øksnesmarka i Austrheim og Syltmarka på Radøy. Ta initiativet til kommunevise møte med ordførarane for å drøfta miljøpolitiske utfordringar.
- Halda fram samarbeidet med organisasjonar som arbeider med natur- og miljøvernsaker i regionen, m.a. Nordhordland Turlag og ulike folkeaksjonar.
- Vera medspelar for Naturvernforbundet og Naturvernforbundet Hordaland.
- Så langt ressursane strekk til, driva aktiv medlemsverving.

## **SAK 8: VAL**

### 1. UTVIDING AV STYRET

#### Styret si innstilling:

Styret vert utvida frå 5 til 7 styremedlemar.

### 2. VAL AV LEIAR

#### Valkomitéen si innstilling:

Jan Nordø (Austrheim)

### 3. VAL AV MEDLEMAR TIL STYRET

#### Valkomitéen si innstilling:

Jan Rantrud (Meland)  
Geir Olav Toft (Lindås)

#### Styret si innstilling etter fullmakt frå valnemnda:

Vera Lunde Haugsdal (Masfjorden)  
Florian Helbig (Fedje)

### 4. VAL AV VARAMEDLEM TIL STYRET

#### Valkomitéen si innstilling:

Daniel Lunde (Radøy)

### 5. VAL AV UTSENDINGAR TIL FYLKESLAGETS ÅRSMØTE

#### Styret si innstilling:

Børje Møster  
Aslaug Aalen  
Tore Svendsen  
Steinar Sneas Skauge  
Jan Rantrud  
Monika Øksnes  
Arne Geir Aasheim  
Geir Olav Toft  
Ketil Hindenes  
John Martin Jacobsen  
Jan Nordø

### 6. VAL AV MEDLEMAR TIL VALNEMND

Styret si innstilling:

Olav Steinar Namtvedt  
Steinar Sneas Skauge  
Arne Geir Aasheim

Valnemnda konstituerer seg sjølve.

## 7. VAL AV REVISOR

Valkomitéen si innstilling:

Anna K Valle

## SAK 9: FRÅSEGNER

Framlegg frå styret:

### **A. Lag kommunale handlingsplanar mot sitkaspreiing og attgroing**

Attgroing med sitkagran er blitt eit så stort problem at ikkje berre utsikt og naturoppleving blir øydelagt, men heile natur- og kulturlandskapsarven og det biologiske mangfaldet som er knytt til denne arven. Sitkagran er svartelista av norske styresmakter, men spreier seg no raskt. Om få tiår vil mykje av det opne lyngheilandskapet som har vore så karakteristisk for dei ytre delane av Nordhordland, vera attgrodd om det ikkje vert sett inn omfemnande tiltak. Dei siste åra har spreinga blitt eit problem også på dei ytste øyane holmane i Nordhordland. Ut mot havet klarar sitkagrana seg fast og kveler også der biologisk mangfald, rekreasjon og naturoppleving. På skrinne jord med låg bonitet gror strandsona att. Sist vinter med katastrofebrannar på kysten har dessutan synt oss at attgroing medfører risiko og er eit tryggleiksproblem i mange kommunar.

Årsmøtet i Naturvernforbundet Nordhordland oppmodar kommunane i Nordhordland om snarast å laga kommunale handlingsplanar mot spreing av sitkagran og å avsetja naudsynte midlar på budsjetta til rydding, sviing og langsiktig forvaltning. Særleg viktig er det å forhindra attgroing av strandsona, holmar og skjær, men også opne lyngheilandskap bør ha høg prioritet i planane. Kommunane bør søkja samarbeid med grunneigarar, bygdelag, landbruksorganisasjonane og andre friviljuge organisasjonar og skulane og økonomisk stønad gjennom statlege og fylkeskommunale ordningar. I den grad ressursane strekk til, vil Naturvernforbundet Nordhordland delta aktivt i dugnaden for å verna om det opne og særeigne kystlyngheilandskapet i Nordhordland.

*Fråsegna går til ordførarane i Nordhordland*

### **B. Nei til industrialisering av Øksnesmarka**

Øksnesmarka er det største urørde naturområdet som er att i Austrheim. Marka er dominert av raudlista lynghei og nakne bergknausar og er levestad for viktige stadbundne artar. Gjennom marka går det merka turløyper frå det største bustadfeltet i Austrheim på Årås. Det er mange kulturminne knytt til torvtaking og gamal utmarksdrift. Marka har stort potensiale

for meir friluftsliv, kombinert med t.d. utmarksbeite. Mykje av bustadbygginga i Austrheim skjer rundt eller i nærleiken av området. Behovet for rekreasjon og naturoppleving vil auka.

I kommuneplan for Austrheim er nær heile Øksnesmarka avsett til næringsføremål. Ein slik bruk er i strid med dei verdiane marka har som natur- og kulturlandskap, beiteressurs og friluftsområde. Naturvernforbundet har ved kvar einaste rullering av kommuneplanen bede om at føremålet vert endra til LNF-status. Trass i liknande innspel frå fylkeskommunen og fylkesmannen, har kommunen tvihalde på at her skal det skje utbygging.

Lokale entreprenørar driv oppkjøp av eigedomar i Øksnesmarka. Mykje tyder på at føremålet er storstilt steinuttak til knusing. Slik verksemd vil rasera området og med utskiping frå kai koma i konflikt med Åråsvågen som det grønne trekkplasteret for bustadbygging og reiselivsverksemd inst i vågen. Utbygging i strandsona og utskiping vil dessutan koma i sterk konflikt med fiskeoppdrettsverkemda ytst i Åråsvågen og bruken elles til båtsport og fritidsfiske. Åråsvågen er dessutan trålfelt for reke.

Industri og større næringsverksemd har Austrheim kommune i alle år vald å leggja i nærleiken til Mongstad. Øyane syd for har vore prioriterte til service og bustader med god tilgang til naturoppleving og friluftsliv både i sjø og på land. Det har vore god politikk som har støtta opp under velferd og trivsel. Utbygging av Øksnesmarka er eit brot på denne tradisjonen, og vil gjera Austrheim mindre attraktiv som tilflyttingskommune.

Arealdelen i kommuneplan for Austrheim skal no rullerast. Av omsyn til landskap, naturmangfald, ressursbruk og friluftsliv oppmodar årsmøtet Austrheim kommune om å endra føremålet for Øksnesmarka frå næringsområde til landbruks-, natur- og friluftsområde.

*Fråsegna går til kommunestyret i Austrheim*

### **C. Spar Skjelangersundet og Det Naue. La cruiseskipa gå under Askøybrua.**

Gjennom tilpassing av seglingsleia under Askøybrua vil det i framtida vera mogleg for dei største cruiseskipa å velja denne leia inn til Bergen. Samstundes har Kystverket planar om omfemnande utgraving og utsprenging i Skjelangersundet og Det Naue for slike skip. Både Naturvernforbundet og Meland kommune har protestert og sagt nei til slike planar fordi dei kan gjera uoppretteleg skade på det marine miljøet og p.g.a. aukande trafikk føra til store konflikhtar med fiske og friluftsliv.

Når det no opnar seg ei alternativ seglingslei for dei største skipa, bed årsmøtet Kystverket om å skrinleggja planane for Skjelangersundet og Det Naue. La cruiseskipa gå under Askøybrua i staden.

*Fråsegna går til Kystverket*

### **D. Vi krev vidare satsing på TCM og reinsing av gasskraftverket på Mongstad.**

Årsmøtet i Naturvernforbundet Nordhordland protesterer mot regjeringa si avgjerd om ikkje å satsa på fullskala reinsing av gasskraftverket på Mongstad. Gasskraftverk utan reinsing fører til store utslepp av klimagassar og undergrev livsviktig teknologiutvikling for karbonfangst og -lagring på TCM. Denne teknologien er avgjerande for å nå det globale målet om maksimalt

2° temperaturstigning, og reinsing av gasskraftverket vil bidra til å nå dei norske måla for kutt i klimagassar.

Årsmøtet krev difor vidare satsing på TCM og fullskala reinsing av gasskraftverket på Mongstad slik planane til regjeringa opphavleg var.

*Fråsegna går til regjeringa ved OED*

### **E. Fensfjorden skal ikkje vera avfallsdeponi. Vi krev resipientgransking no.**

Norsk Gjenvinning har gjennom to konsesjonssøknader søkt om utslepp av farlege miljøgifter til Fensfjorden utanfor Mongstad; hausten 2012 om utslepp av radioaktivt vaskevatt; hausten 2013 om PFOS og andre fluorholdige sambindingar. Kommune rundt Fensfjorden, regionrådet og Naturvernforbundet har protestert på begge søknadene, men vann ikkje fram i høve til radioaktive utslepp. Kva som skjer med konsesjonen for PFOS er enno ikkje avgjort.

Talet på avfallbedrifter rundt Fensfjorden er stort, og saman med Statoil Mongstad sine ulike utslepp til luft og sjø er det grunn til å ottast for presset på det marine miljøet. Fjorden er viktig både for yrkesfiskarar og oppdrettsverksemd. Akkumulering av giftstoff i næringskjeda er ein risiko.

Naturvernforbundet har tidlegare saman med kommunane i Nordhordland bede Miljødirektoratet om resipientgransking av Fensfjorden. Årsmøtet krev at slik gransking vert gjort før det vert gjeve nye løyve til nye utslepp av framandstoff.

*Fråsegna går til Miljødirektoratet*

### **F. Mongstad-Modalen må kablast meir**

Kraftleidning Mongstad-Modalen har vore på høyring og er no til endeleg handsaming i OED. Naturvernforbundet Nordhordland har tidlegare protestert mot linjeføringa i Modalen med krav om meir kabling. I Masfjorden har kommunen i klage til OED bede om fleire justeringar og meir kabling.

Årsmøtet i Naturvernforbundet Nordhordland gjev sin fulle støtte til klagen og vil be OED gjera naudsynte omleggingar og justeringar i samsvar med klagen. Det gjeld i sær kravet om å kabla 300 (420) kV linje frå nordsida av FV-570 til koplingspunkt for sjøkabel i Ildalsvågen og kabling av 132 kV linje frå koplingsanlegget frå Matre kraftstasjon til ny planlagt høgspennelinje.

*Fråsegna går til OED*